


Måtar å arbeide på:

- Målark
- Kriterium som viser veg
- Loggbok
- For/etterprøvar
- Munnlege prøvar
- Fagsamtalar
- Mårelaterte timar med oppsummering
- Eigenvurdering
- Elevar underviser elevar
- Modellering
- Kameratvurdering
- Kollegarettleiing
- Erfaringsdeling

Tilbakemeldingar som syner vegen framover...



Gaular kommune

GAULARSKULEN

Vadheimsvegen 15
6973 SANDE
Telefon: 57 71 85 00
www.gaular.kommune.no
E-post: postmottak@gaular.kommune.no

Vurdering FOR læring (VFL)

Satsing i Gaularskulen 2016-2020

Infobrosjyre



→ Vurdering for læring

Mange studier har synt at måten elevane vert vurdert på både kan hemma og fremja læring. Gaular kommune er oppteken av korleis vurdering kan brukast som ein reiskap for læring.

Vurdering for læring (VFL) er all vurdering som vert gjeven undervegs i opplæringa og som bidreg til å fremja læring. Omgrepet Vurdering **av** læring vert brukt om prøvar og oppgåver som gir informasjon om kva eleven kan på eit gjeve tidspunkt.

Eit godt læringsmiljø er ein føresetnad!

Vurdering for læring kan vi forstå som ein måte å tenkje og handle på, som heile tida har elevane si læring som mål. VFL handlar altså ikkje om særskilde teknikkar eller eit sett prosedyrar, og heller ikkje om skjema eller skriftleggjing, men om skulen sin lærings- og vurderingskultur.

Bjørnar Fjellhaug
-skule- og kultursjef-
08-2016

→ Vurdering

Undervegsvurdering FOR læring — er vurdering som har til sikte å betre eleven sin kompetanse og som er integrert i læringsprosessen.

Undervegsvurdering AV læring — er vurdering som har til sikte å skildre eleven sin kompetanse i fag på ulike tidspunkt, som grunnlag for forbetring i faget.

Sluttvurdering AV læring — er vurdering som har til sikte å gje informasjon om elevane sin kompetanse av opplæringa i eit fag.

→ Dei 4 grunnprinsippa for vurdering

Utdanningsdirektoratet (Udir) legg til grunn fire grunnprinsipp for vurdering og har som føremål å fremja læring.

Elevane sine føresetnader for å læra kan styrkast dersom dei:

1. • Forstår kva dei skal lære og kva som er forventna av dei!
2. • Får attendemelding som fortel dei om kvaliteten eller presentasjonen!
3. • Får råd om korleis dei kan forbetra seg!
4. • Er involvert i eiga læringsarbeid ved blant anna å vurdere eige arbeid og utvikling!

→ Målet med satsinga

Vi ynskjer at elevane i Gaularskulen skal:

- Vere aktive og bevisste i høve til eiga læring
- Få forståing for kompetanse-måla i dei ulike faga
- Velje føremålstenlege lese- og læringsstrategiar i sitt eige læringsarbeid
- Vurdere eige arbeid
- Bruke tilbakemeldingar (frå lærarar og medelevar) for vidare læring
- Vere aktive læringsressursar for kvarandre

Etter å ha jobba med Vurdering for Læring (VFL) som satsingsområde, er det forventna at lærarane i Gaularskulen skal:

- Bruke tydelege mål
- Bruke kriterium som viser veg
- Stille spørsmål som skapar refleksjon
- Gi konstruktive tilbakemeldingar
- Ha betre og sams vurderings-praksis
- Gje elevane høve til å få eigarskap over si eiga læring
- Involvere heimen

Vurdering
for læring